

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag til utsetjing:

«1. Fylkesutvalet utset saka.

2. Fylkesutvalet ber administrasjonen arbeide vidare med ViteMeir, der ein arbeider fram ulike løysingar for å kome ViteMeir i møte. Utvalet syner til at det er tre ulike element søkjar ber om støtte til, og desse bør handsamast ulikt. Utvalet ber administrasjonen om ei sak der ein utarbeider felles prinsipp for driftsstøtte til dei to vitensentra. Det betyr ikkje at støttebeløpa blir like, men prinsippa for utmåling av støttebeløp bør vere i samsvar. Tilskot til investering i utstillingar er ein eingongskostnad som utvalet ber administrasjonen kome tilbake til i samband med tilskotsordningar for 2021. Utvalet ber vidare om at ein kjem ViteMeir i møte på husleigekostnader for 2021 dersom senteret ikkje får støtte over statsbudsjettet. Ein bør vurdere ulike ordningar slik som aksjonærlån etc.»

### **Avrøysting utsetjingforslag**

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og FNB).

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet utset saka.

2. Fylkesutvalet ber administrasjonen arbeide vidare med ViteMeir, der ein arbeider fram ulike løysingar for å kome ViteMeir i møte. Utvalet syner til at det er tre ulike element søkjar ber om støtte til, og desse bør handsamast ulikt. Utvalet ber administrasjonen om ei sak der ein utarbeider felles prinsipp for driftsstøtte til dei to vitensentra. Det betyr ikkje at støttebeløpa blir like, men prinsippa for utmåling av støttebeløp bør vere i samsvar. Tilskot til investering i utstillingar er ein eingongskostnad som utvalet ber administrasjonen kome tilbake til i samband med tilskotsordningar for 2021. Utvalet ber vidare om at ein kjem ViteMeir i møte på husleigekostnader for 2021 dersom senteret ikkje får støtte over statsbudsjettet. Ein bør vurdere ulike ordningar slik som aksjonærlån etc.